



# Beredskapsplan ved mistanke om trakassering og seksuelle overgrep mot medlemmar.

## Intensjon:

- Førebygga og handtera trakassering og seksuelle overgrep mot utøvarar i Austevoll idrettsklubb, Hundvåkøy idrettslag og Selbjørn idrettslag heretter kalla idrettslaga i Austevoll
- Sikra at trenarar og tillitsvalde har relevant kompetanse
- Sikra at trenarar og tillitsvalde har kjennskap til sitt ansvar i arbeidet med å førebygga og handtera trakassering og seksuelle overgrep mot utøvarar
- Ivareta tiltaka som må setjast i verk ved mistanke om overgrep

## Praksis og rutinar

### Krav til politiattest

Alle tilsette og frivillige som skal utføra oppgåver som inneheld eit tillits- eller ansvarsforhold ovanfor mindreårige, skal framvisa godkjend politiattest.

### Overnatting

På reiser med overnatting skal det alltid vera to vaksne som overnattar saman med utøvarane.

### Etiske retningslinjer

Klubbane sine etiske retningslinjer handlar om vaksne sine relasjonar til utøvarar. Retningslinjene må underteiknast av alle klubbane sine representantar og personar som har ansvar for utøvarar i aktivitet i klubbane sin regi.

### Beredskapsplan

Idrettslaga utarbeider ein beredskapsplan for førebygging og handtering av mistanke om trakassering og overgrep mot medlemmar i idrettslaga. Alle klubbane sine representantar skal gjera seg kjend med og signera denne før tiltreding i verv som inneber arbeid med barn og ungdom. Styret informerer utøvarar og føresette om beredskapsplanen.

Beredskapsplanen er tilgjengeleg på heimesida til klubbane.

Beredskapsplanen inneheld aksjonskort for handtering av saker. Desse er unnateke offentlegheita og nyttast berre av hovudstyret i oppfølging av meldingssaker.



## **Ressursteam**

Hovudstyret pliktar å leggja til rette for at alle representantar får tilgang til kompetanse om trakassering og seksuelle overgrep mot barn og ungdom ved interne eller eksterne kurs. Klubbane vil etablere eit ressursteam som skal involverast når det er mistanke om, eller er påvist trakassering av nokon av våre medlemmar. Styreleiar for klubbane er ansvarleg for gruppene. Alle gruppene i idrettslaget utpeikar ein ansvarleg representant som samarbeider med styret sine representantar.

## **Alternativ handling ved uro og mistanke**

Dersom nokon har mistanke om seksuell trakassering eller seksuelle overgrep, skal ressursteamet varslast omgåande. Ikkje involver nokon andre før etter avtale. Om du etter drøfting med ressursteamet framleis er bekymra og dei ansvarlege ikkje varslar, har du sjølv plikt til å varsla.

Plikt til å varsla barneverntenesta har ein når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller det føreligg andre formar for alvorleg omsorgssvikt, jf. Barnevernlova § 6-49. Ei magekjensle som kan støtta seg på ei enkel uttale, enkelthandling eller liknande, er tilstrekkeleg for at ein har grunn til å tru. Bekymringsmeldingar skal meldast inn til barnevernet. Desse kan og meldast anonymt.

## **Politiet skal varslast omgåande i akutte situasjonar**

Alle har ei generell hindringsplikt. Dersom ein meiner at det er fare for at barnet mest sannsynleg vil utsetjast for (nye) overgrep ved ikkje å gripe inn, kan det vera straffbart å unnlata og gripa inn, eller å unnlata og varsla politiet.

Meld frå til representanten for ressursteamet når bekymring meldast til barnevernet eller politi.

## **Samtalar med utøvar som melder frå om forholdet**

Lytt til medlemmen og vis at du tek det på alvor. Unngå å styra samtalen. Gjenta utsegn som kjem, slik at medlemmen eventuelt kan korrigerer om du har forstått feil. Noter ned det som blir sagt og anna relevant informasjon etter samtalen.

Lov aldri noko du ikkje kan halda. Ein må aldri lova teiing om det ein får kjennskap til. Førebu deg mentalt og kjenslemessig på at vedkjenningar kan komma.

## **Samtale med føresette til personen som er råka**

Dersom mistanke gjeld overgrep på mindreårige, skal det vurderast om dei føresette skal informerast før ein har konsultert barnevernet og/eller politi. Er overgripa ein av medlemmane sine føresette eller i anna nær relasjon utanfor idrettslaget, skal barnevernet/politi informerast før føresette.

## **Trakassering**

Gjeld varsel om trakassering ein trenar/tillitsvald skal personen omgåande permitterast frå sine verv. Ressursteamet held separate møter med begge partar. Avhengig av utfallet av samtalen, vil ressursteamet vurdere om det skal setjast i verk reaksjonar mot vedkommande som har trakassert, til dømes: oppseiing, fritak av oppgåver, idrettslege sanksjonar eller melding til politiet.



## Overgrep

Dersom mistanken gjeld overgrep mot mindreårige, skal det vurderast om den føresette bør informerast før ein har konsultert barneverntenesta og/eller politi. Leiinga i klubbane har eit sjølvstendig ansvar for å melda til politiet, men kan og saman med føresette melda forholdet til politiet. Klubbane må og vurderer om saka skal meldast inn for idretten sitt eige domsorgan.

## Samarbeidspartnarar

Ressursteamet skal ha kontakt med ein eller fleire samarbeidspartnarar som har kompetanse på seksuelle overgrep mot barn og unge. Det er viktig å søka råd tidleg. Gode samarbeidspartnarar bør etablerast før ei hending oppstår. Barnevern og politi tilbyr rettleiing utan plikt til å oppgi barnet sine personalia.

## Ettervern av dei andre utøvarane og føresette i klubbane

Snakk opent og konkret om det som har skjedd. Å halda på ein løyndom og å gi uklare meldingar fører med seg risiko for rykte og konstruerte historier. Unngå å dela intime detaljar. Gi rom til å snakka om hendinga, tankar og kjensler.

Ver merksam på moglege reaksjonar i etterkant. Reaksjonsmønsteret vil variera frå utøvar til utøvar.

## Trenarar

Trenarar som blir utsett for seksuell trakassering eller andre uakseptable handlingar frå utøvarane, skal ta kontakt med dagleg leiar i klubben.

Eg stadfestar at eg har lese og gjort meg kjend med beredskapsplanen. Eg har og vist fram politiattest.

---

Namn

---

Gruppe/Lag

---

Stad/dato

---

Signatur